

Årsmelding 2016



Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

www.nvim.no

FRAMSIDEFOTO:

Alle dei tilsette på Brettet.

Fotograf: Dag Endre Opedal

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM). Museet er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tysedal og forvaltar 33 bygg, av desse eig museet seks.

1. Føremål

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tysedal Kraftanlegg (Tysso I).



2. Organisasjon

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Direktør

Knut Markhus

Revisor

Odda Revisjon AS v/statsaut. revisor
Nils Magnus Berge

Avdelingsleiarar

Siri Jordal
Svein Jåstad
Anne Gravdal

Styret

Rolf Nesheim, *styreleiar (Hordaland Fylkeskommune)*
Toralf Mikkelsen, *nestleiar (Odda kommune)*
Torill Selsvold Nyborg (*styreoppnemnt*)
Tore M. Sellæg (*Norsk Industri*)
Hans Henrik Haukaas (*Statkraft*)
Margit Aga Jordal (*LO i Indre Hardanger*)
Bjørn Seim (*Museumslaget*)
Svein Jåstad (*tilsette sin representant*)

Observatør
Brikt Olav Samdal (*NVE*)

Styret hadde 5 ordinære styremøte og 2 ekstraordinære telefonmøte i 2016 og handsama i alt 52 saker.

NVIM sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, sponsorinntekter og eigeninntekter.

2.1. Personale og arbeidsmiljø

Ved NVIM vart det i 2016 utført 15,26 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I 16 faste stillingar vart det utført 14,51 årsverk ved NVIM. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 1,35 årsverk, gjennomført av i alt 8 personar.

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 9 menn og 7 kvinner. Direktør er mann og to av tre avdelingsleiarar er kvinner. Kvinneandelen i styret er no 25 %, mot 0% i 2015.

NVIM hadde i 2016 eit sjukefråvær på 2,77% mot 2,62% i 2015 . Langtidssjukefråværet var på 1,71% mot 0,67% i 2015. Korttidssjukefråværet gjekk ned frå 1,95% i 2015 til 1,06 % i 2016. Vi hadde ingen arbeidsulukker. NVIM er ei IA verksemd.

NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

2.2. Økonomi

Årsrekneskapen for 2016 viser eit årsresultat på kr. 33 196. Etter overføringar frå bunden eigenkapital vert kr. 26 503 overført frå annan eigenkapital. Stiftinga har fri eigenkapital på 1 527 457 pr. 31.12.2016. Styret merkar seg at dette framleis er lågt, men er svært nøgd med at nøktern økonomistyring dei siste åra no har sett spor. Styret viser til note 15 i årsrekneskapen som viser at dersom netto pensjonsplikter hadde vore balanseført, ville museet hatt negativ eigenkapital på ca. 1 million.

Nøktern økonomistyring inneber mellom anna at vakante stillingar og permisjonar ikkje vert dekkja inn med tilsetting av nye folk. Oppgåver vert lagde på is eller fordelt på andre tilsette.

Organisasjonen viser stor evne til å skaffa eigeninntekter gjennom søknader om prosjektmidlar og sal av tenester. Arbeidet med å skaffa slike inntekter er ressurskrevjande, men dette er naudsynt for å sikra god økonomi og å halda på verdfull kompetanse.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum ved årsskiftet 2016/2017. Rekneskapen gjev god informasjon om drifta av museet. Det føreligg føresetnad om framleis drift, og styret si årsmelding og årsrekneskapen for 2016 er sett opp med denne føresetnaden.



Å halda balansen kan vera ei utfordring både for museumsgjester og for museumsøkonomien.

3. Fornyng

Våren 2015 tok AS Tyssefaldene (AST) kontakt med museet sin administrasjon med spørsmål om NVIM ønskjer å overta eigarskapen til Tyssø 1. Førspurnaden inkluderer kontor- og driftslokala AST disponerer i dag og bygga på Lilletopp, og heng saman med at AST er i ferd med å redusera drifta.

NVIM si verksemd i nedre del av Tyssedal er i dag spreidd på fire ulike bygg – med butikk og billettsal i Naustbakken 3, utstillingar og administrasjon i Naustbakken 7, verkstad og konferanselokale i verkstadbygget og omvisingar og andre arrangement i turbinhallen i Tyssø I. Opplegget gjev ei logistikkutfordring for både tilsette og gjester. Ei overtaking av Tyssø I vil føra til samlokalisering av museet i to bygg: kraftstasjonsbygget og verkstadbygget. Dette vil auka plassen museet har til



rådvelde for sine oppgåver, slik som utstillingar, arrangement, samlingsforvaltning og administrasjon.

I 2016 arbeidde styret og administrasjonen vidare med å kartleggja ulike sider ved ei overtaking. Administrasjon og styreleiar/nestleiar har drøfta saka med ulike samarbeidspartar (Odda kommune, Hordaland fylkeskommune, Kulturdepartementet,

Riksantikvaren). Vi har fått positive signal frå alle partar, men også formaningar om at ei overtaking vil gje museet eit stort økonomisk ansvar. Ingen av dei offentlege instansane har gjeve garantiar om at dei vil sikra den økonomiske sida. Difor er det heilt avgjerande at ein avtale med AST om overtaking i seg sjølv gjev berekraftige rammer.

Våren 2016 presenterte AST korrigerert skisse til intensjonsavtale mellom AST og NVIM. Denne var tema i fleire styremøte, og NVIM melde tilbake at det ikkje var aktuelt å gå med på avtalen, som ikkje ville sikra NVIM økonomisk. Museet bad om ei samla oversikt over kva tiltak som må gjerast for å oppnå tilstandsgrad 0 på dei ulike bygga, slik at dette kan brukast til å henta inn pris på kva tiltaka vil kosta. AST gjekk med på å henta inn eksterne fagfolk for å laga ein slik tilstandsrapport vinteren 2017. Denne vil gje museet eit viktig kunnskapsgrunnlag i det vidare forhandlingsarbeidet med AST.

4. Forvaltning av immateriell kulturarv

Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfag hadde positiv utvikling i 2016, med fullteikna elevtal skuleåret 2016/17. Linja har hovudbase i smia på Smelteverkstomta (bygg 026) som NVIM eig. Målet er å ta vare på smedfaget, finna læreplassar og føra handverket vidare. Skulen samarbeider med Odda smedforening som bidreg til å skapa eit godt fagleg miljø, ikkje minst gjennom sine eigne aktivitetar. NVIM har intervjuet ei rekkje av dei eldre smedane i Odda. Sikring og bruk av desse intervjuet er konkret arbeid med denne typen immateriell kulturarv.

Daglegdags handverk på museet vert ofte ikkje tenkt på som immateriell kulturarv, men det er det. Både i vedlikehald og restaurering av verneverdige anlegg nyttar vi tradisjonelle teknikkar og produkt. Museet legg vekt på å føra denne kunnskapen vidare.



Elevar på smedlinja, Odda vidaregåande skole.

5. Forvaltning av materiell kulturarv

5.1. Sikringsplan

NVIM forvaltar ei rekkje viktige materielle kulturminne, med det freda Tyssedal kraftanlegg som det mest framstående. Totalt forvaltar museet 27 bygg, 11500 registrerte gjenstandar, 380 intervju, vel 100 kulturhistoriske filmar og kring 125.000 fotografi. I tillegg har museet ei verdfull samling av 270 privatarkiv. Samanlagt representerer dette ein vesentleg del av dei kulturhistoriske verdiane i Odda, og samlinga er ein stor ressurs også i nasjonal samanheng.



NVIM har sidan etableringa i 1989 drive sikringsarbeid som ein naturleg del av verksemda. I 2016 laga vi ein sikringsplan for å formalisera arbeidet. Denne set konkrete mål med opplegg for korleis me skal nå måla. Planen omfattar heile museumsverksemda, og er eit verktøy for alle dei tilsette. Det er samtidig viktig at haldningane og intensjonen i planen blir formidla til andre som nyttar museet sine område eller samlingar.

Sikringsplanen skildrar mellom anna plassering av ansvar for sikring ved museet, og peikar på tiltak som skal betra sikringa. NVIM har også starta innføringa av eit digitalt FDV-program som skal koordinera også sikringsarbeidet ved museet. Dette er eit stort og viktig grep som vil styrka sikringsarbeidet, og vera eit vesentleg element i komande revisjonar av sikringsplanen.

5.2. Tyssedal kraftanlegg

Det er i 2016 i hovudsak utført faste FDV-oppgåver og planlagd periodisk vedlikehald i kraftstasjonen og på Lilletopp.

Frå september 2015 hadde Tizir ein stor, planlagt vedlikehaldstans. Denne varte fleire månader og fjernvarmeanlegget kom ikkje i drift før i februar 2016. I august 2016 var det ein brann i eine smelteomnen ved Tizir og fjernvarmeanlegget vart igjen stengt ned. Denne stansen varte ut heile 2016. For å sikra eit minimum av varme vart elektrokjel (som Statkraft AS eig) kopla om for å kunna tilføra varme inne i stasjonen. Manglande oppvarming auka vedlikehaldsbehovet i kraftstasjonen vesentleg. I samband med dette har me for 2017 søkt Riksantikvaren om midlar til forprosjekt og prosjektering av avfuktingsanlegg. Dette vil truleg redusera sårauken ved utfall av fjernvarme og redusera forbruket av varmt vatn.

Arbeidet med publikumstoalett nord i stasjonen har halde fram i 2016, med vedtak om ferdigstilling i 2017. Til dette har vi fått støtte frå Odda kommune, Hordaland fylkeskommune, AS Tyssefaldene og Sparebankstiftinga Hardanger.

5.3. Skjeggedalstova

På Skjeggedalstova tjørebreidde vi taket og deler av veggene våren 2016.

5.4. Bygg 026 med smia.

Sidan smia er i bruk som smedskule har det vore ei kontinuerleg tilpassing av bygget til dette føremålet. Lokala stettar no krav i lovverket for arbeidsplassar. Smihamrane er rusta opp og godkjende av Arbeidstilsynet. Det er også etablert sveiserom med punktavsug, jarnlager og kappeutstyr. Etter målingar av bedriftshelsetenesta i 2015, vart det montert betre avsug over essene.

Med støtte frå Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Stiftelsen UNI er det gjennomført sikringsarbeid. Varevindauge i stål med laminert glas er monterte framfor eksisterande vindauge og det er montert brann- og innbrotsanlegg.

Det stod igjen restaurering av 2/3 av taket på bygg 026. Dette vart gjennomført i 2016, og finansiert av Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og delar av dei 2 millionane vi fekk i sysselsettingsmidlar frå Kulturdepartementet. Desse midlane finansierte også avsug over essene.

5.5. Folgefonngata

I Folgefonngata 11 og 13 vart det gjort takarbeid finansiert av sysselsettingsmidlane. Vi tok ned skifer, utbeta roteskadar, la ny papp, reker og lekter, og remonerte skiferen. Vi reparerte også roteskade etter lekkasje ved utekrane i 13. I Buen installerte vi kjøken i hovudrommet, finansiert av sysselsettingsmidlane. Dette styrkar moglegheitene for utleige av lokalet.

5.6. Odda vitensenter

På Odda vitensenter reparerte vi taklekkasje, og tok igjen heile taket og la på skifer slik det opphavleg hadde. Dette vart finansiert av sysselsettingsmidlane og tilskot frå Stiftelsen UNI. Vi ordna også pipene og beslag, dette med eigne midlar.

5.7. Foto, arkiv og gjenstandar

NVIM prioriterer samlingsforvaltninga høgt. Vi arbeider kontinuerleg med digitalisering og sikring av foto. Til dømes vart ca. 2000 gamle foto skanna på nytt i 2016. Ei ny teljing avdekkar at museet i ein periode har underrapportert på kva mengd foto vi har i samlinga. Totalen er ved årsskiftet 2016/17 124.808. Det gjev såleis ein tilvekst på 75.382 i 2016.

Museet arbeider vidare med å skriva inn informasjon om fotografi og gjenstandar, og leggja dette til rette for publikum. Stadig fleire foto og gjenstandar vert publisert på Digitalt Museum: <http://digitalmuseum.no/>. NVIM har eit godt samarbeid med Hardanger og Voss museum på dette området.

NVIM får mange tilbakemeldingar, korrigeringar og tingingar av foto på Digitalt Museum. Vi hadde totalt 54 fotorekvisisjonar i 2016. Dei største tingingane var til jubileum for Odda vidaregåande skole og Odda energi, avd.44 (Tizir) og den årlege tinginga av foto til Odda i manns minne. Mange ønskjer å bruka foto privat. Slik verksemd skapar god dialog med publikum og er noko vi prioriterer høgt. Vi hadde 79 arkivrekvisisjonar. Ein god del av desse er spørsmål etter digitale filer av kart og bygningsteikningar.

Mottak av gjenstandar var ikkje prioritert i 2016, grunna manglande lager/magasin. Men arkiv har vi jobba mykje med. Det mest verdfulle materialet fekk vi deponert frå Jan Reidar Tokheim: Knud Knudsens-brev, dokument, tidlegare ukjende private foto, og arkiv frå Nils Tokheim. Vi har arbeidd med materialet i 2016 og det skal vera ferdig registrert og digitalisert i 2017. I arkivmaterialet frå Nils Tokheim låg òg arkiv frå Kremargarden gjestgiveri, Odda meieri, AS Kjøtbasaren.

5.8. Samarbeid om samlingsutvikling i musea i Hordaland

Dokumentasjonsavdelinga har delteke i samlingsrådet for musea i Hordaland, som vart oppretta i 2016. Dette arbeider med arbeids- og ansvarsfordeling musea mellom sett i lys av geografisk og tematisk ansvar. Dokumentasjonsavdelinga har også delteke i brukarforumet for Bevaringstenestene i Hordaland og nettverk for privatarkiv i Hordaland.

6. Forsking og kunnskapsproduksjon

NVIM har utført mykje kunnskapsutvikling og -produksjon i 2016. Både dokumentasjonsavdelinga og formidlingsavdelinga utarbeidde og utførte foredrag, og totalt sett må vi kunna seia at museet styrka seg som kunnskapsbedrift. Dei eksterne dokumentasjonsprosjekta våre har element som er i grenselandet mellom dokumentasjon og forskning (Sjå 8. Særlege prosjekt). Direkte forskingsarbeid kan vi likevel ikkje rapportera om, sidan forskarstillinga vår stod vakant grunna manglande økonomiske ressursar.

6.1. Artiklar

NVIM leverte artikkel til årboka Hardanger om turistvegen til Skjeggedal. Denne var illustrert med foto frå samlinga vår.



På heimesidene til museet er det lagt ut ei rekkje artiklar i løpet av 2016. Nokre er henta direkte frå arkivet, andre er arbeidd med og tilrettelagd.

Museet gjekk inn som fast leverandør av fagartiklar i bransjebladet Anleggsmagasinet i 2016, og hadde første artikkel på trykk i november.

6.2. Industripionerane

Produsent Randi Storaas har i samarbeid med NVIM arbeidd med den nye dokumentaren «Industripionerane» i 2016. Produksjonen skal løfta fram nasjonal og internasjonal industrihistorie mellom anna ved å fortelja om ingeniørane og gründerar som Albert Petersson og Sam Eyde. Programmet skal lanserast som nytt publikumstilbod ved NVIM i 2017. Prosjektet hadde per 2015 støtte frå NVE, Fritt Ord, DnB stiftelsen, Sparebankstiftinga Hardanger, Odda kommune, Hardangerrådet, Hordaland fylkeskommune og Opedal-fondet. Hausten 2016 kom ei rekkje av medstiftarane til NVIM inn på finansieringssida med mindre summer.

7. Formidling

7.1. Besøk

NVIM hadde formidable besøkstal i 2016. For første gong passerte me 20 000 besøkande. Teljinga stoppa på heile 21 316. Noko av den gode veksten kan skuldast den såkalla Trolltunga-effekten, men også at publikumstilbodet vårt har trefft. I juni, juli og august i 2015 hadde museet 4680 besøkande. I dei same månadane i 2016 auka talet med 45%; til 6811. Vi ser òg at gjestene brukar meir tid, der dei vandrar fritt i utstillingar, ser biletspelet «Industrieventyret» og går på eiga hand, eller med omvisar, i den gamle freda kraftstasjonen. Det er ikkje uvanleg at gjestene er her i over to timar.

	2014		2015		2016	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	1 201	6 499	996	5 585	1 704	8 568
Vitensenteret	4 841	2 451	4 737	2 507	4 902	3 257
Andre	685	3 293	587	3 095	375	2 510
SUM	6 727	12 243	6 320	11 187	6 981	14 335
Totalt	18 970		17 507		21 316	

7.1.1. Tyssedal

Besøket i Tyssedal har vore godt. Mange besøkjande oppheld seg i stadig større grad på området heile dagen. Samarbeidet med Trolltunga Active om Tyssedal Via Ferrata var positivt. Kombinasjonen museumsbesøk og klatring til Lilletopp er eit godt turistprodukt.

7.1.2. Skjeggedal:

Etter eit vått og dårleg år 2015, vart det bestemt at vi ikkje skulle ha ope i Skjeggedalstova denne sesongen. Likevel var det aktivitet der i juli 2016, då ein Signy Eika Klempe fekk låna stova til sal av bollar og kaffi. Ho informerte om museet, og oppmoda gjestene sine om å besøka NVIM.

7.1.3. Odda Vitensenter

Odda vitensenter var sommaren 2016 ope for publikum 5 dagar i veka osv. Besøket var bra, men det er kapasitet til langt meir. Vitensenteret hadde også ope i andre skuleferiar. Den tradisjonelle Lucia-

feiringa på vitensenteret vart i 2016 gjennomført i samarbeid med Bornas turlag, og hadde eit svært godt oppmøte.

7.2. Pedagogiske tiltak


Odda vitensenter er viktig arena for skulekontakten til NVIM. Opplegga har realfag som hovudtema. Vitensenteret har i 2016 undervist om «Straumproduksjon» for fire klassar frå Odda ungdomsskule og om «Magnetisme» (grunnlag for straumproduksjon) for Kinsarvik skule, totalt 93 elevar.

I Tysedal var «Kraft i kvar dråpe» nytta av tre 7.-klassar med i alt 63 elevar. Til «Røyrगतelangs» hadde vi besøk av seks klassar frå barne- og ungdomsskular samt vidaregåande skule, med 150 elevar. Samla for alle opplegga 306 elevar.

I inntaksbygget på Lilletopp tok «Røyrगतelangs» i bruk ein nyutvikla presentasjon om kvifor så mange industristader ligg ved fjordane på vestlandet, og grunnleggjande kunnskap om vasskraft. Her ser vi m.a. på faga geologi og hydrologi.

Vi har framleis ledig kapasitet til opplegga, og arbeider fortløpande med å få fleire elevar på besøk. Mellom anna fekk vi på slutten av året ein avtale med Odda barneskule om å få møta på planleggingsdag på skulen på nyåret og orientera om tilboda ved museet/vitensenteret.

Undervisningsopplegga er tilpassa skulen sine læreplanar og NVIM har tilbod til alle klasstrinn i grunnskulen. Museet har og tilbod til barnehagar og til ulike linjer på vidaregåande skular. Arkitekturvandringar i Odda har også vore eit fast tilbod både vår og haust.



Barn har prioritet i formidlinga ved museet.

7.3. Arrangement, konferanse

I april arrangerte vi den populære Salongpraten, denne gong vart Fjorden Cowboys grilla av vår flinke «pratmakar» Gro til eit publikum som fylte Litteraturhuset. I pinsen gjekk den årlege konserten til Hardanger Musikkfest av stabelen i kraftstasjonen. Seinare i mai vart kraftstasjonen utleigd til ei gruppe på 80 personar som òg var med til Lilletopp og på Smelteverkstomta.

Elles hadde vi ølbryggingskurs med historisk foredrag på Vitensenteret. Eit innslag om krigens dagar i Odda i samarbeid med Odda kommune i kinosalen. Eit arrangement saman med Litteratursymposiet i oktober, og ein sær s vellukka Quiz-kveld i Statkraftstova i november.



Fjorden Cowboys var ein av attraksjonane i museumsåret.

I desember har vi to tradisjonar; den årlege juleverkstaden vi arrangerer saman med Museumslaget for NVIM, og Lucia-showet på Vitensenteret, eit samarbeid med handelstanden og Barnas turlag. Begge arrangement drog fulle hus.

Konferansemarknaden er spesielt krevjande i desse tider. Likevel ser vi at lokale firma er blitt flinkare til å bruka konferanselokala våre. Gode tilbakemeldingar gjer at vi har tru på dette segmentet i framtida.

7.4. Nettsider og sosiale media

Dei nye nettsidene til NVIM fungerer godt, og er oppdatert kontinuerleg i løpet av 2016.

Museet har også høgt aktivitetsnivå i sosiale media, både Instagram og særleg på Facebook. Facebook-sida til museet hadde 1784 likarar ved inngangen av året, og 2653 ved utgangen. Også Odda vitensenter har Facebook-side. Aktivitet i slike media er ein viktig del av museet sitt formidlingsarbeid, samstundes som det har ein marknadsføringseffekt.

7.5. Utstillingar

Museet har lite areal eigna til utstillingar. Kraftstasjonen er ei utstilling i seg sjølv og vi ønskjer å avgrensa bruk av framande element i dette nasjonale kulturminnet. I administrasjonsbygget har vi faste utstillingar, og har vi tre små rom til skiftande utstillingar. I 2016 var det ei utstilling med Knud Knudsen foto her.

8. Særlege prosjekt

8.1. Senter for industriarkiv – SINDARK

Det treårige kommunale prosjektet med etablering av SINDARK var fullført 1. juli 2016, og sluttrapport vart sendt til Odda kommune. Det har vore vanskeleg å nå ut med marknadsføring av tenestene til senteret og å få verksemder til å betale for ei teneste som ikkje er lovpålagd.

Utover hausten arbeidde museet med å få på plass ei vidare offentleg grunnfinansiering, som saman med eigeninntekter kan gje grunnlag for drift av senteret. Kulturdepartementet løyvde 500.000,- til

SINDARK i budsjettet for 2017. NVIM tok initiativ mot både Odda kommune og Hordaland fylkeskommune må følgja opp med driftsmidlar. Alle tre forvaltingsnivå må vera med for å gje den grunnfinansieringa som trengst for at NVIM skal satsa vidare på SINDARK. Dette arbeidet pågår framleis

8.2. Valen kraftverk 1 og 2, dokumentasjonsprosjekt og formidlingsopplegg

Fagleg og økonomisk er oppdragsverksemd viktig for NVIM, og dokumentasjonsprosjekt er den største satsinga. Fire medarbeidarar har arbeidd med å dokumentera Valen kraftverk for eigaren Hordaland fylkeskommune. Arbeidet gjekk inn i ein slutfase i 2016, med ferdigstilling av sluttrapport og formidlingstiltak. Noko arbeid står igjen, slik at endeleg leveranse på prosjektet vert i 2017.



Interiør i gamle Valen kraftstasjon.

8.3. Dokumentasjon av kraft leiðninga Fykan – Haugvik i Glomfjord

På oppdrag av Statkraft Energi AS dokumenterte NVIM i 2016 kraftleiðninga frå Fykan til Haugvik i Glomfjord kommune. Dette var ein kulturminnefagleg dokumentasjon av dei snart 100 år gamle betongmastene som går frå Glomfjord kraftstasjon i Fykan og til Glomfjord industripark på Haugvik. I tillegg til mastene vart òg leiðningstunnel, uttakshus og linjelager dokumentert.

Felles for dokumentasjonsprosjekta er at vi har brukt dronefotografering. NVIM er registrert som droneoperatør hos luftfartstilsynet.

9. Samarbeid med andre

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Odda kommune, Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene, og ulike museum. Reisemål Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar vi tett saman med Trolltunga Active og Odda turistkontor. Det er viktig for NVIM å vera ein aktiv del av kulturlivet i Odda kommune, og hadde i 2016 inspirerande samarbeid med mellom andre Sentralbadet Litteraturhus og Litteratursymposiet. Vi samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpa varer og tenester lokalt.

9.1. NVE si museumsordning

NVIM er eit av to samarbeidsmuseum i NVE si museumsordning. Det andre er Norsk skogmuseum på Elverum.

Nettstaden www.vasskrafta.no er ei satsing i samarbeidet. I første del av 2016 vart Tinfos I og II kraftverk publisert på nettstaden, og i tillegg vart det lagt ut oppgåver som skuleverket kan nytta seg av. Vi besøkte og dokumenterte i noko mindre omfang Rånåsfoss og Dalsfos kraftverk, som ein del av arbeidet med [vasskrafta.no](http://www.vasskrafta.no). Marknadsføring av nettstaden hadde ikkje prioritet i 2016, og statistikken fortel om noko nedgang i bruken av sida.

I andre halvdel av 2016 gjekk mykje tid med til FoU-prosjektet “Dokumentasjon av sektorens kulturminner”. NVIM har bidrege med innspel til fotostandard og utføring av fotodokumentasjon. Vi har delteke på workshop i regi av prosjektet i september, med fylkeskommunar, museum og andre. Og i november deltok vi på NVE og Sykehusbygg sitt seminar om arkivmessig bevaring og formidling av tekniske og industrielle kulturminne.

I september var vi med på feltarbeid i pilotprosjekt Longerak, der vi bidrog med utføring og testing av dronefotografering og fotogrammetri. I etterkant brukte vi ein del tid på utarbeiding av fotogrammetrisk 3D-modell av Longerak kraftstasjon og dam. Modellane er publisert på sketchfab.



Dronefilming på Alta-elva under fagturen saman med NVE og Skogmuseet.

I tillegg utførte vi i september fotodokumentasjon av Haugsjå dam for å testa ut nivå av dokumentasjon basert på standard frå English Heritage. I etterkant skreiv vi eit refleksjonsnotat som går gjennom prosessen og korleis vi meiner nivåa treff NVE sitt felt. Noko etterarbeid gjenstår framleis på Haugsjå-prosjektet og vil bli fullført i 2017.

Vi har delteke i formidlingsgruppa i seksjon for arkiv, bibliotek og Museumsordning 2016. Dette er ein litt ny måte for oss å delta i museumsordninga på, og det fungerer godt. I september var vi med på fagtur til Alta med seksjonen. Det var nyttig med tanke på utstillingsprosjektet om Altasaka vi skal utføra saman med NVE og Skogmuseet. Vi ser på NVE si tilnærming til desse problemstillingane som friske og moderne, og det er eit godt miljø for å diskutera slike ting i gruppa.

9.2. Museumslaget

Museumslaget er støtteorganisasjon for NVIM, og har egne vedtekter og eige styre. Leiar av museumslaget er fast medlem i NVIM sitt styre. Museumslaget disponerer rom i museumsanlegget i Folgefonngata. I 2016 gjennomførte laget studietur til Ulvik, allsongkveld og ein svært vellukka juleverkstad i Folgefonngata. Heftet «Liv og Rør», med to utgåver i 2016, er eit samarbeid mellom museumslaget og NVIM.

10.Oppsummering

2016 har vore eit utfordrande år for NVIM, med krevjande økonomiske rammer. Samstundes har det vore eit svært framgangsrikt år, med gode resultat for alle museumsavdelingane. At museet passerte 20 000 besøkande med god margin var gledeleg, og ein attest på at vi jobbar i rett retning. Løftet vi fekk i statsbudsjettet for 2017, gjev oss rom for å nå endå lengre med samfunnsoppdraget vårt i dette året.

Tyssedal. 27. februar 2017




Rolf Nesheim,
styreleiar



Torak Mikkelsen,
nestleiar



Hans Henrik Haukaas,
Styremedlem



Bjørn Seim,
styremedlem



Margit Aga Jordal,
styremedlem



Svein Låstad,
Styremedlem, repr. for dei tilsette



Tore M. Sellæg
Styremedlem



Torill Selsvold Nyborg,
styremedlem



Knut Markhus,
direktør

11. Revisjonsmelding



Rev.nr./ Org.nr. 997 726 316 MVA
Kremarveien 3, 5750 Odda
Telefon: 53 64 32 24, Faks: 53 64 41 41
post@oddarevisjon.no, www.oddarevisjon.no
Bankgiro: 3530.25.53643

Til styret i
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum årsregnskap som viser et overskudd på kr 33 196. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av punktene 3 til 8 i årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og direktør (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

ODDA, 27. februar 2017

Odda Revisjon AS


Nils Magnus Berge
Statsautorisert revisor

12. Resultatrekneskap og balanse

	Note	2016	2015
DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekter		1 221 601	1 760 108
Billettinntekter		390 371	373 097
Tilskudd fra Odda Kommune		1 256 000	1 256 000
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	6 353 010	6 995 287
Andre tilskudd	2	2 837 148	2 481 708
Årets inntektføring av periodiserte tilskudd		4 800 790	213 982
Andre driftsinntekter		221 749	183 895
Sum driftsinntekter		17 080 669	13 264 077
Varekostnad		92 458	202 072
Beholdningsendring egentilvirkede anleggsmidler	4	-29 880	-289 040
Lønnskostnad	3, 15	9 150 734	9 129 592
Avskrivning varige driftsmidler	4, 12	167 023	140 193
Kostnader lokaler		1 116 901	960 683
Honorarer	3	1 112 590	723 849
Kontorkostnader		261 575	289 084
Reiser og kilometergodtgjørelse		205 024	218 568
Reklame, annonser og representasjon		132 558	131 043
Utstillinger og formidling		57 155	42 429
Serviceavtaler og forsikringer		193 732	220 104
Vedlikehold bygninger og utstyr		4 067 631	368 381
Andre driftskostnader		407 237	287 007
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso"		68 086	15 923
Sum driftskostnader		17 002 824	12 439 887
Driftsresultat		77 845	824 190
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		62 266	64 000
Annen finansinntekt		32 201	29 365
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler	5	35 388	0
Annen rentekostnad		103 404	145 531
Annen finanskostnad		323	0
Netto finansresultat		-44 649	-52 166
Ordinært resultat		33 196	772 024
ÅRSRESULTAT		33 196	772 024
OVERFØRINGER			
Overført til/ fra vedlikeholdsfond		105 440	-22 878
Overført til/ fra fond Vasskrafta.no		-45 741	-34 339
Overført til/ fra annen egenkapital		-26 503	829 241
Sum overføringer		33 196	772 024
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Bygninger og annen fast eiendom	4, 13	3 610 441	3 697 192
MY Tysso	4	290 000	310 000
Driftsløse, inventar, kontormaskiner o.l.	4	125 485	146 753
Sum varige driftsmidler		4 025 926	4 153 945
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	5	233 911	231 252
Sum finansielle anleggsmidler		233 911	231 252
Sum anleggsmidler		4 259 837	4 385 197
Omløpsmidler			
Varer			
Varebeholdning	6	87 853	70 512
Sum varer		87 853	70 512
Fordringer			
Kundefordringer	7	592 974	1 250 201
Fordring prosjektmidler	8	1 345 000	247 000
Andre fordringer	9	1 318 884	247 285
Sum fordringer		3 256 858	1 744 486
Bankinnskudd, kontanter o.l.	10	2 543 089	5 584 199
Sum omløpsmidler		5 887 801	7 399 197
SUM EIENDELER		10 147 638	11 784 394

	Note	2016	2015
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Stiftelseskapital	11	260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	11	1 527 457	1 553 961
Fond Vasskrafta.no	11	4 670	50 411
Vedlikeholdsfond	11	1 006 460	901 020
Sum opptjent egenkapital		2 538 587	2 505 392
Sum egenkapital	11	2 798 587	2 765 392
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	12	290 000	324 000
Sum avsetninger for forpliktelser		290 000	324 000
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	13	2 273 687	2 326 900
Øvrig langsiktig gjeld	13	550 000	550 000
Sum annen langsiktig gjeld		2 823 687	2 876 900
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 049 145	733 302
Skyldige offentlige avgifter		597 157	626 623
Påløpt lønn, feriepengar ol.		792 520	876 461
Forskudd prosjekter	14	1 402 873	3 431 249
Annen kortsiktig gjeld		393 668	150 465
Sum kortsiktig gjeld		4 235 364	5 818 101
Sum gjeld		7 349 051	9 019 001
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		10 147 638	11 784 394

Tysseidal, 31.12.2016 / 27.02.2017
 Styret for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Rolf Nesheim
 Rolf Nesheim
 Styreleiar

Torill Selsvold Nybø
 Torill Selsvold Nybø
 Styremedlem

Margit Agre Jordal
 Margit Agre Jordal
 Styremedlem

Knut Mørkhus
 Knut Mørkhus
 Dirrektor

Tore M. Sellæg
 Tore M. Sellæg
 Styremedlem

Bjørn Seim
 Bjørn Seim
 Styremedlem

Toralf Mikkelsen
 Toralf Mikkelsen
 Nestleiar

Hans Henrik Haukaas
 Hans Henrik Haukaas
 Styremedlem

Sven Jøssedal
 Sven Jøssedal
 Styremedlem

13. Noter

Note 1 Regnskapsprinsipper

Norsk Vasskraft og Industristadmuseum er en privat stiftelse uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapspraksis for små foretak.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er ført på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsført løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringsstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrekk i eiendelens kostpris.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbigående.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Pensjoner

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med

Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i regnskapsåret.

Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2016	2015
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	5 043 010	5 630 287
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 310 000	1 365 000
Tilskudd fra NVE	1 750 000	1 732 500
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft	702 148	680 176
Tilskudd fra andre	385 000	69 032
Sum inntekter tilskudd	9 190 158	9 476 995

Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2016	2015
Netto lønnskostnader	7 066 443	7 249 709
Styrehonorar	37 000	23 500
Arbeidsgiveravgift	906 279	904 203
Pensjonskostnader	1 021 037	815 575
Andre personellkostnader	119 975	136 605
Sum personellkostnader	9 150 734	9 129 592

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret 15,3 16,9

Museet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjons- kostnader	Annen godtgjørelse
Direktører	780 814	87 015	17 754
Styre	0	0	0

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet. Ingen ansatte har avtale om bonus eller særskilt vederlag ved opphør eller endring av ansettelsesforhold.

Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2016 kr 55 908 eks. fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 12 018 eks. fordelt mva.

Note 4 Varige driftsmidler

	Bygninger og annen eiendom		Driftslosere, inventar og lignende.		Sum
		M/Y Tyssø			
Anskaffelseskost 01.01	6 021 987	400 000	1 618 672		8 040 659
Tilgang kjøpte driftsmidler	559 271	0	143 439		702 710
Tilgang egentilvirkning bygninger	29 880	0	0		29 880
- Avgang	0	0	0		0
- Mottatt offentlige investeringstilskudd	-2 719 355		-123 664		-2 843 019
Anskaffelseskost 31.12	3 891 783	400 000	1 638 447		5 930 230
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-194 591	-90 000	-1 418 691		-1 703 282
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-281 342	-110 000	-1 512 963		-1 904 304
Bokført verdi	3 610 441	290 000	125 484		4 025 926
Årets avskrivninger	86 751	20 000	94 272		
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000	-14 000		
Årets netto bokførte avskrivninger	86 751	0	80 272		167 023
Avskrivningssats	1% - 10%		5% 15% - 33,3%		
Avskrivningsplan	lineær		lineær lineær		

Note 5 Investeringer i aksjer og andeler

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelses- kost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hardanger	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	1	< 10%
Restaureringsenteret i Odda AS	44 770	11 881	< 10%
Sum	49 270	13 882	
Egenkapitalinnskudd KLP		220 029	
Sum		233 911	

I 2016 er verdi av aksjer i Restaureringsenteret i Odda AS er nedskrevet med kr 32 889 og verdi av andel i Fossenes Dal med kr 2 499.

Note 6 Varelager

Varelageret består av kioskarer, bøker for videre salg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukurante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer	2016	2015
Opptalt varebeholdning bøker og billetter	95 666	79 234
Ukurans	-7 813	-8 722
Sum	87 853	70 512

Note 7 Kundefordringer

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

Kundefordringer	2016	2015
Kundefordringer til pålydende	529 532	1 257 401
Opptjente ikke fakturerte inntekter	75 067	0
Avsetning til tap på usikre fordringer	-11 625	-7 200
Sum	592 974	1 250 201

Note 8 Fordring på prosjektmidler

Muséet fått tilsagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2016. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt	Beløp	Tilskudd gitt av:
Sikring av Smia - Odda Smelteverk	152 500	Stiftelsen UNI
Restaurering Smia - Odda Smelteverk	200 000	Hordaland Fylkeskommune
Industriplanerane	17 500	Hardangerrådet IKS og Opedalafondet
Tak Vitensenter	250 000	Stiftelsen UNI
Toaletbygg - Tyssø I	725 000	Hordaland Fylkeskommune og Sparebankstiftelsen
Sum tilskudd	1 345 000	

Note 9 Andre fordringer

Av andre fordringer utgjør til gode merverdiavgift kr 1 085 714.

Note 10 Bunde bankinnskudd

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 294 766.

Note 11 Egenkapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2016 og er uendret fra 2004.

	Stiftelses- kapital	Annen egenkapital	Fond Vasskrafta.no	Vedlikeholds- fond	Sum
Egenkapital 01.01	260 000	1 553 961	50 411	901 020	2 765 392
Årets endring i egenkapital:					
Overført til vedlikeholdsfond		-105 440		105 440	0
Overført fra fond Vasskrafta.no		45 741	-45 741		0
Årets resultat		33 196			33 196
Egenkapital 31.12.	260 000	1 527 457	4 670	1 006 460	2 798 587

Note 12 Periodisering tilskudd**Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tyssø:**

Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tyssø. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av MY Tyssø som avskrives over 20 år. Det er i 2016 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2016 til kjøp av MY Tyssø utgjør kr 290 000.

Periodisert tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr Tyssø I:

Muséet har mottatt kr 140 000 i offentlig tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr i Tyssø I. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av det tekniske utstyret som avskrives over 5 år. Det er i 2016 inntektsført kr 14 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2016 til oppgradering av teknisk utstyr Tyssø I utgjør kr 0.

Note 13 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:	2016	2015
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	2 273 687	2 326 900
Sum pantsikret gjeld	2 273 687	2 326 900

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kredittinstitusjoner	2016	2015
Bygninger, gnr 60 bnr 334	3 080 090	3 158 765
Totalt	3 080 090	3 158 765

Øvrig langsiktig gjeld	2016	2015
Langsiktig gjeld til Odda kommune	550 000	550 000
Sum øvrig langsiktig gjeld	550 000	550 000

Lånet fra Odda kommune er rente og avdragsfritt i 5 år, og forfaller til betaling i sin helhet 30.06.2020.

Kr 1 994 331 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

Note 14 Forskudd prosjekter

Muséet fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2016. I tillegg har muséet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2016. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

Forskudd tilskudd	2016	2015
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	1 131 873	3 250 249
Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12	271 000	181 000
Sum	1 402 873	3 431 249

Note 15 Pensjonsordninger

Museet har inngått er pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 16 aktive medlemmer og 5 pensjonister i ordningen pr 31.12.2016. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2016 utgjør denne kostnaden kr 1 021 037 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

	31.12.2016	31.12.2015
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	18 949 763	16 590 397
Pensjonsmidler	-12 966 080	-12 035 704
Arbeidsgiveravgift	634 270	482 797
Ikke resultatført actuariell gevinst/ tap	-2 723 426	-1 314 727
Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	3 894 527	3 722 763